

# K-POSTEN

ÅRGANG 13, NUMMER 1

Mars 2010

## Med kultur for utvikling?

*Anna Elisa Tryti.*

Då er tida komen for meg til å takke! Takke for rike og utfordrande år i Naustdal kommune. Verda mi er vorten rikare og større ved å bu i Sogn og Fjordane og ved å vere i lag med dykk alle. Eg takkar for samhald i år med "unntakstilstand og utvikling". Frå 20 millionar kroner i minus hausten 2006 til 5 millionar kroner i pluss etter rekneskapan for 2008. No er også rekneskapat for 2009 klart: Det syner 2,6 millionar kroner i overskot. Denne snuoperasjonen har vi fått til saman: Politikarane, som har gravd ned partipolitiske stridsøkser og stått saman, ein organisasjon som har stått på, der leiarane og dei tillitsvalde på alle nivå har evna å løfte kvardagen saman, og sist men ikkje minst lag og organisasjonar som har tatt ansvar og utvikla positive tiltak både i arbeidslivet og i fritida. Eg vil serskild nemne Naustdal frivilligsentral, som har utvikla tilbod, serleg for dei eldre. Og så heile det friviljuge kulturlivet, idrettslag, ungdomslag, spelemannslag og dansarar, pensjonistlag, sogelag, mållag, bygdekvinnelag, Sandens Venner, Vevringutstillinga, grendalag, Rampen, 4H og endå fleire – takk til dykk alle!

**Les meir side: 3**

## OPPSTART AV SERVICESKYSS !

Som omtalt i siste K-post har ei gruppe av kommunale og frivillige instansar gått saman med drosjenæringa om å søkje Sogn og Fjordane Fylkeskommune om tilskotsmidlar til etablering av serviceskyss i Naustdal.



Vi har no fått tilsagn om tilskot, og tilbodet om service-ruter blir starta opp etter planlagt mønster.

**Les meir side: 2**

## Vedtekne reguleringsplaner- kunningjering etter plan- og byggningslova

### Fylkesveg 611, frå x riksveg 5, og til Sæla

Endring av reguleringsplan Rv 611 Naustdal kai- Sæla var vedteken av Utval for plansaker i sak 10/2009, møtedato 23.04.2009. Endringa hadde bakgrunn i ymse endringar i byggeplanen for vegen, og er klassifisert som mindre vesentleg.

**Les meir side: 7**

## OPPSTART AV SERVICESKYSS !

Som omtalt i siste K-post har ei gruppe av kommunale og frivillige instansar gått saman med drosjenæringa om å søkje Sogn og Fjordane Fylkeskommune om tilskotsmidlar til etablering av serviceskyss i Naustdal.



Vi har no fått tilsagn om tilskot, og tilbodet om service-ruter blir starta opp etter planlagt mønster.

### **Fredagar: Fjorden - Naustdal**

Start Horne kl 09.30- Vassbotnen- Helle- Naustdal sentrum Ca kl 10.30,  
Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Horne ca kl 14.00

### **Onsdagar: Sentrumsområdet – Naustdal sentrum**

Start Helgås kl 10.00- tar med passasjerar i byggefeltet- Naustdal Sjukeheim- Naustdal sentrum ca kl 10.30.  
Retur fra Naustdal kl 12.30. Stopp Helgås ca kl 13.30.

### **Torsdagar: Dalen – Naustdal sentrum**

Start Svoa kl 09.30- Ullaland- Byrkjeflot- Åse- Naustdal sentrum ca kl 10.30,  
Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Svoa ca kl 14.00

### **I veker med møte i pensjonistlaget går dei ordinære rutene ut.**

I staden vert det utført ruter frå både Horne og Svoa tilpassa møta i Pensjonistlaget:

**Rute 1:** Horne kl. 13.30 – Naustdal (evt. annan arr.stad). Retur kl 19.00

**Rute 2:** Svoa kl 13.15 – Naustdal (evt. annan arr.stad). Retur kl 19.00

I vårhalvåret 2010 gjeld dette:

- veke 12 (møte fredag 26. mars),
- veke 17 (møte fredag 28. april)
- veke 24 (møte fredag 18. juni)

Serviceskyssen skal vere eit alternativ til ordinære bussruter. Målgruppa for ordninga er såleis heimebuande i alle aldrar som av ein eller annan grunn har behov for skyss på dagtid, primært til Naustdal sentrum. Rutene kan og nyttast om du har andre skyssbehov, t.d. til vitjing av bebuarar på sjukeheimen, til nærbutikken eller til andre stader på den aktuelle rutestrekninga.

Ruta vil bli utført med taxi, og vil koste ein **fast pris på 15 kr kvar veg**, utan omsyn til lengda på turen.

Om du har behov for det, skal du kunne bli henta og gå av ruta heime hos deg sjølv, og ved behov vil sjåføren og hjelpe til så både du og evt. bagasje kjem i hus.

For å nytte deg av serviceskyss-tilbodet, må du gje **melding til Naustdal Taxi, tlf. 97747070, seinast kl 20:00 dagen før** ruta skal gå. Dette er for at drosjeeigar skal vite kvar han skal køyre, og kunne planlegge kor stor bil som må nyttast

Har du spørsmål om skyssordninga kan du og ringe det same nummeret, **97747070**, eventuelt til **frivillegsentralen tlf. 57816144**, eller **servicekontoret på kommunen, tlf. 57816100**.

Oppdatert informasjon om ordninga vil du og finne på Naustdal kommune sine heimesider, [www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no),

**RING TLF: 97 74 70 70 , FOR TINGING AV SERVICESKYSS.**

**FRIST: Innan kl 20:00 dagen før.**



## Med kultur for utvikling?

*Anna Elisa Tryti.*

Då er tida komen for meg til å takke! Takke for rike og utfordrande år i Naustdal kommune. Verda mi er vorten rikare og større ved å bu i Sogn og Fjordane og ved å vere i lag med dykk alle. Eg takkar for samhald i år med ”unntakstilstand og utvikling”. Frå 20 millionar kroner i minus hausten 2006 til 5 millionar kroner i pluss etter rekneskapan for 2008. No er også rekneskapet for 2009 klart: Det syner 2,6 millionar kroner i overskot. Denne snuoperasjonen har vi fått til saman: Politikarane, som har gravd ned partipolitiske stridsøkser og stått saman, ein organisasjon som har stått på, der leiarane og dei tillitsvalde på alle nivå har evna å løfte kvardagen saman, og sist men ikkje minst lag og organisasjonar som har tatt ansvar og utvikla positive tiltak både i arbeidslivet og i fritida. Eg vil serskild nemne Naustdal frivilligsentral, som har utvikla tilbod, serleg for dei eldre. Og så heile det friviljuge kulturlivet, idrettslag, ungdomslag, spelemannslag og dansarar, pensjonistlag, sogelag, mållag, bygdekvinnelag, Sandens Venner, Vevringutstillinga, grendalag, Rampen, 4H og endå fleire – takk til dykk alle!

Eg har stor tru på ei positiv utvikling for Naustdal i åra som kjem! Aller mest på grunn av den strategiske geografiske plasseringa midt på Florø-Førdeaksen, den delen av Sogn og Fjordane som kanskje har mest vekstkraft for framtida. Byar og byliv er ein dynamo for utvikling i eit samfunn. Førde og Florø er dei mest urbane områda i Sogn og Fjordane, men kvar for seg vert dei for små. Ved ei styrt felles utvikling - som tvillingbyar, kunne dei bli sterkare og profilere seg tydelegare mot omverda. Og midt på aksen ligg Naustdal, med tre mil fjord og tre mil dal og eit sentrum som enno ikkje heilt er oppdaga – og utvikla. Med eit fortetta sentrum, der ein vidareutviklar landsbystrukturen og tek vare på den unike perla Sanden og satsar på urbane kvalitetar

og puls, vil Naustdal kunne stå fram som eit naturleg førsteval for innbyggjarar i dette sams bu- og arbeidsområdet.

Naustdal kan ta sin del av veksten i regionen, dersom ein offensivt profilerer kommunen på kvalitet og dersom alle innbyggjarane tek ansvar og er med og byggjer eit positivt omdømme for heimstadskommunen! Alt som vert planlagt og utvikla i Naustdal, bør utviklast med kvalitet som merkjer seg ut i det regionale rommet. Bustadane som vert bygde, bør ha framifrå arkitektur- og miljøkvalitetar, barnehage og skule bør ta mål av seg til å vere av regionens beste. Men alt kan ikkje gjerast på ein gong. Kommunen vil ha store økonomiske utfordringar i høve til å realisere alle dei ønska som no er komne opp for ny utvikling. Det gjeld både den heilt naudsynte utviklinga av barnehage og skulesektoren og symjebasseng, ei samling av helsetenestene kobla med til dømes treningslokalitetar i eit såkalla Friskhus og eit mogleg Slettemarksenter, Domus Kjartania. Gjelda pr. innbyggjar er allereide for stor.



Difor trengst det streng prioritering og streng økonomisk styring. Kommunen treng å auke inntektene, halde stram drift og ta ned ein ball om gongen.

Det er enno uløyste oppgåver i drifta. Med større press på sjukeheimen, skulle vi gjerne ha opna sokkelen att og gjeve alle val i høve til einsengsrom. Likeeins skulle vi ha betra tilbodet for dei demente. Og vi skulle ha auka opp kapasiteten innan plan, byggesak og teknisk drift.

Slagordet ”Unntakstilstand og utvikling” vart rett før jul kåra til det beste i Sogn og Fjordane, av ein austlandsk ekspert på NRK. Avdi det var så brutalt ærleg. Men også avdi det inviterte til utvikling i ei vanskeleg tid. I tida rundt nyårsskiftet har det vore ein prosess i kommunen for å

finne eit nytt slagord. Kommunestyret har hatt politisk verkstad, og frå ungdomsrådet er det foreslått at kommunen skal satse på slagordet ” Med kultur for utvikling”. Det har fleire djupner. Enn om bygdene og grendene i Naustdal kommune vert seg bevisst at ja, det som kjenneteiknar oss og våre haldningar, det er at vi vil utvikling. Vi vil og vi kan. Vi vil utvikle næringsgrunnlaget og heile tida vere på jakt etter nye, positive moglegheiter. For kommuneorganisasjonen ville eit slikt slagord bety å identifisere seg med å vere ein lærande organisasjon, åpen for nye måtar å løyse oppgåvene på. Og i den mest konkrete tydinga av slagordet: ”Med kunst og kultur for utvikling” – ville kommunen i endå sterkare grad satse på kunst som endringsstrategi og verte profilert ved skapande, kreative og grenseoverskridande aktivitetar og uttrykk. Ved å bryne seg også på samtidskunst som kan vere vanskeleg å skjøne, fremjer vi evna til å stille spørsmål og tenkje nytt. Og det å undre seg er sjølve grunnlaget for på sikt å utvikle ein gründerkultur.

Det er ein god start på eit slikt prosjekt at kommunestyret i budsjettet for 2010 har funne rom til meir utviklingskompetanse i kommunen. Denne har vore stripa lenge. No skal det tilsetjast kulturmedarbeidar og samfunnsutviklar. Då vil kommunen si rolle som samfunnsutviklar verte tydelegare, og den positive bygdeutviklinga vi no ser frå fjord til fjell vil kunne få betre støtte i ein kommune som også sjølv vil kunne vere med og initiere og fremje ny utvikling.

Då gjenstår det berre å ønske lukke til vidare på neste spennande stafettetappe for Naustdal!

Med helsing

Anna Elisa Tryti



## Handbok om Helse- og Sosialtenestene i kommunen.

Når vi treng hjelp, kan det vere vanskeleg å vite kva tilbod som fins, kva tenester vi har rett til og kvar vi skal vende oss med spørsmål. Difor har Helsedirektoratet laga ”Handbok om helse- og sosialtenesta i kommunen” som ei hjelp på vegen.

### Handboka skal gje deg:

- ei oversikt over rettar og plikter
- ei beskriving av dei kommunale helse og sosialtenestene

### Handboka beskriv eksempel på

- personar som treng bistand
- korleis ein tar kontakt med tenesteapparatet

- kommunale helse- og sosialtenester

### Handboka tek utgangspunkt i

- sentrale lover på helse- og sosialområdet
- gjeldande regelverk for søknader, vedtak, innsyn, klage og betaling for tenester
- kommunen si plikt til rettleiing og informasjon
- reglar for sakshandsaming

Om du ynskjer eit eksemplar av Handboka, kan du vende deg til Servicekontoret på kommunehuset (tlf 57816100)

Handboka kan og lastast ned frå Helsedirektoratet sine heimesider på internett:

[www.Helsedir.no](http://www.Helsedir.no) , under menypunktet ”publikasjoner”



**Frist for stoff til neste K-poste er 2 mai !**

## Folkehelsearbeidet

Kommunestyret har vedteke å inngå i partnerskap med fylkeskommunen og andre kommunar i fylket, i "Partnerskap for folkehelse", og har oppretta stilling som folkehelsekoordinator. I kommunestyremøtet 18. februar er dette fylgt opp med vedtak om overordna mål og prioritering av innsatsområde for folkehelsearbeidet.

**Mål:** Folkehelsearbeidet i Naustdal skal fremje trivsel og helse ved å arbeide for trygge, helsefremjande miljø og sunne levevanar hos innbyggjarane i kommunen.

### Prioriterte satsingsfelt:

- 1. Fysisk Aktivitet.**  
Arbeide for at alle innbyggjarane i kommunen kan vere fysisk aktive. Legge til rette for allsidig aktivitet, og særleg stimulere tiltak retta mot dei gruppene som er minst fysisk aktive, med særleg fokus på barn og unge.
- 2. Kosthald / ernæring.**  
Fremje gode kosthaldsvanar gjennom kunnskap og gode haldningar for alle innbyggjarane i kommunen. Særleg fokus på å redusere inntak av sukker og feitt, og fremje eit allsidig kosthald med mykje frukt og grønt.
- 3. Psykisk helse / rus**  
Førebyggje psykiske vanskar og bruk av rusmiddel gjennom opplysningsarbeid og ved å fremje inkluderande og trygge miljø som gjer at innbyggjarane kan ha det godt med seg sjølv og med kvarandre.

Kommunestyret har og oppnemnt eit **folkehelseråd** med representasjon frå aktuelle kommunale samarbeidsinstansar og frivillige organisasjonar.

Rådet skal fungere som ei referanse- og idegruppe for folkehelsearbeidet, og skal

ha ein rådgjevande funksjon overfor rådmannen og folkehelsekoordinator. Rådet skal m.a. drøfte og tilrå nærare utforming og prioritering av einskildtiltak innafor dei vedtekne satsingsområda for folkehelsearbeidet.



## Swingkurs og søndagsmiddag

9. klasse ved Naustdal skule arrangerer swingkurs på Naustdal skule 13. og 14. mars.

- Laurdag: 15.00-17.00
- Søndag : 12.00-14.00

Swingkurset passar for *alle* over 13 år. Påmelding kan skje til Kjell Herstad på tlf 957 30 765.

Elevar og foreldre arrangerer også søndagsmiddag **14. mars frå kl: 14.00** og ønskjer bygdefolket og andre hjarteleg velkommen.

## Flaskeinnsamling

Først vil vi seie **tusen takk** til alle som har støtta elevane med flasker og kjøp av kakeboksar og lodd.

6. april vil de igjen få besøk av elevar frå 9. klasse ved Naustdal barne- og ungdomsskule.

Dei vil samle inn panteflasker og boksar til inntekt for tematur med Aktive Fredsreiser hausten 2010. Vi håpar de tek godt imot elevane og har flaskene klar.



*Turkomiteen*

## Fire stjerner til kommunen sine heimesider-

I Norge.no sine årlege vurderingar av offentlege heimesider på internett, scorar [www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no) i siste vurdering (des 2009) 62 % av oppnåelege poeng, og får ei gradering på 4 stjerner.(6 oppnåeleg). Dette er ein framgang frå 26 % og ei stjerne i 2008, og Naustdal kommune sine heimesider er no vurdert som den 4. beste kommuneportalen i fylket.

Alt om Norge.no si rangering av web-sider, kan du lese om på [www.norge.no/kvalitet](http://www.norge.no/kvalitet)



Web-prosjektgruppa er godt nøgd med framgangen, men har klare mål om vidareutvikling av både innhald og funksjonalitet.

Nytt innhald no på nyåret kan du finne under menypunkta ”skjemabase” og ”kart”

Under ”skjemabase” vil vi samle alle aktuelle skjema til bruk for innbyggjarane. Nokre skjema vil bli fullelektroniske, det vil seie at brukarane loggar på med sikker identitet, og kan fylle ut og sende inn skjema elektronisk. Skjema vil så bli fanga opp direkte i det kommunale sak/arkivsystemet for vidare behandling.

Under same meny punkt legg vi og ut andre, manuelle skjema, for maskinell eller manuell utfylling, utskrift og innsending.

Under meny punkt ”kart” er no den felles kartportalen for kommunane i IKT-samarbeidet (9 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn) klar til bruk. Portalen har fått namnet ”Fjordakart”. Her kan innbyggjarane hente opp kart og flyfoto over område etter eigen definisjon, for utskrift eller bruk i brev eller andre dokument.

Vi oppmodar alle om å prøve ut denne tenesta, og gjerne gje tilbakemeldingar om

de oppdagar feil, manglar eller andre problem.

Vi gjentek elles oppmodinga om å sende inn tips til forbetringar og endringar på heimesida. Vi ynskjer og bidrag til fotosamlinga vår, og elles informasjon om arrangement og hendingar som kan bidra til å gjere heimesida mest mogleg oppdatert og nyttig for alle.

Vi minner og om opning for at lag og organisasjonar sjølv kan oppdatere sin info på heimesidene. Organisasjonar som ynskjer dette må vende seg til oss for tildeling av brukarnamn og passord.

Kontakt ein av medlemmene i web-prosjekt-gruppa:

[robert.rysjedal@naustdal.kommune.no](mailto:robert.rysjedal@naustdal.kommune.no)  
[britt.kringlen@naustdal.kommune.no](mailto:britt.kringlen@naustdal.kommune.no)  
[oddlaug.indrekvam@naustdal.kommune.no](mailto:oddlaug.indrekvam@naustdal.kommune.no)  
[kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no](mailto:kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no)



## 17 MAI!

Frist for innsending av program for 17 mai 2009 er

**26 april.**

Skal programmet være med i K-posten **må** programmet være sendt på e-post til:

[biblioteket@naustdal.kommune.no](mailto:biblioteket@naustdal.kommune.no)  
innan fristen.



## Vedtekne reguleringsplaner- kunnngjering etter plan- og bygninglova

### Fylkesveg 611, frå x riksveg 5, og til Sæla

Endring av reguleringsplan Rv 611 Naustdal kai- Sæla var vedteken av Utval for plansaker i sak 10/2009, møtedato 23.04.2009. Endringa hadde bakgrunn i ymse endringar i byggeplanen for vegen, og er klassifisert som mindre vesentleg.

Endring del av reguleringsplan Sentrum I vart vedteken av Kommunestyret i sak 8/2010, møtedato 18.02.2010. Endringa gjeld vegstrekket mellom Naustdal kai og krysset mot riksveg 5, med del av Tunavegen, opp til kryss med Gamlevegen.

Til saman gjev desse planane aktuelle reglar for utbygging av fylkesveg 611 frå riksveg 5 og til slutten for nyanlegget på Sæla.

Kort fortalt skal det være samanhengande gang- og sykkelveg ovanfor køyrevegen frå Sæla og inn til avkøyringa ved Ica. På eit kortare strekk i området



Gamlemeieriet/ Naustdal Blikk er den separate gang- og sykkelvegen erstatta med fortau. Det er og regulert inn fortau på begge sidene av Tunavegen, opp til krysset ved Loffen.

### Reguleringsplan Bakstedalen

Reguleringsplan for Bakstudalen var vedteken av kommunestyret i sak 60/2009, møtedato 17.12.2009. Planen omfattar byggeområde for bustader, med tilkomstveg frå Liavegen.

## Namnet Bakstedalen

Under veps i prosessen var planen og området lenge kalla Bakstudalen, etter namn som står på kartet. Hallstein Erdal meinte at området har vore kalla Bakstedalen, og både stadnamnsamling og namnekonsulent stadfestar at dette er den tradisjonelle namneforma. Kunnige folk meiner at namnet kjem av "bakarste dalen". Namnet Bakstedalen er vedteke av kommunestyret som vegnamn/ adresse.

Harald Eikenes

### Barne venleg sjukeheim.

Vi er 4 resurss sjukepleiara i Naustdal kommune som arbeider med lindrande behandling. Vi har lyst å lage sjukeheimen litt meir barne venleg. Ynskjer LITT leikar som vi kan ha på sjukeheimen. Er det nokon som har leiker til overs/ evt eit bil teppe, tek vi gledeleg imot det:)

Mvh Gunn Bente, Hanne, Ann Kristin og Wenche

## SANDENS VENNER

**Årsmøte blir avholdt onsdag 17. Mars kl. 19.00 i Kommunestyresalen.**

Det blir vanlege årsmøtesaker, og enkel servering. Frist for medlemmene til å melde inn saker: 10 mars.

Gamle og nye medlemmer er hjertelig velkomne. Bli med og få informasjon om det som skjer, og vær med på å påvirke planene vidare! Vel møtt!

Hilsen styret

Tlf. 57819393 / 90631254.  
E-post: erna@prodat.no

## **”Bok til alle”- bibliotek i Naustdal.**

Naustdal Bibliotek vil i løpet av våren 2010 bli eit ”Bok til alle”-bibliotek. Dette betyr at biblioteket vil styrke samlinga av tilrettelagt litteratur og etablere ei ordning med leseombud.

Samlinga med tilrettelagt litteratur vil stå godt plassert i biblioteket, og hyllene vil vere godt merka. Samlinga vil kontinuerleg bli oppdatert med nye utgivingar.

Leseombud.

Leseombuda les for menneske som av ulike årsaker ikkje kan lese sjølv. Dei skal gje litterære opplevingar, samt vanleg informasjon som nyhende, som kan vere vanskeleg tilgjengeleg for dei som ikkje kan lese sjølve.

Den tilrettelagde litteraturen blir i liten grad lesen dersom den ikkje blir aktivt formidla. Målgruppene oppsøker sjeldan biblioteket / bøkene sjølve.

Melder du deg som leseombud, får du tilsendt nyhetsbrevet ”Bok til alle” som bl.a. inneheld tips og nyheiter om eigna bøker. På [www.boksøk.no](http://www.boksøk.no) finn du også fyldig omtale om bøkene.

Som leseombud får du enkel tilgang på titlar frå Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek: [www.nlb.no](http://www.nlb.no).

Viss det er ynskjeleg kan leseombuda i kommunen danne ei gruppe som møtest på biblioteket nokre gonger i året for å utveksle erfaringar.

Årleg arrangerer fylkesbiblioteka regionale inspirasjonssamlingar for bibliotek og leseombud.

Kan du tenkje deg å vere leseombud, ta kontakt med biblioteket eller frivilligsentralen.

Ein kan sjølvsagt få låne bøker frå samlinga sjølv om ein ikkje melder seg som leseombud.

## **Opprop frå Naustdal Sogelag.**

Naustdal Sogelag oppmodar dei som står i ferd med å kaste eldre ting som kan ha ålmenn interesse å kontakte sogelaget. Det er nemleg slik at det kan være rot og rask i nokon sine auger, kan være gull i andre sine. Spesielt farleg er det med halvgamle ting som ikkje er gamle nok til å ha historisk verdi, men som vil bli det om nokre år.



Sogelaget ser det ikkje som noko mål å samle mest mulig av eldre ting. Det beste er at dette blir verande der dei er brukte og høyre til. Men der stoda er valet mellom bålet, bossbilen eller gravemaskina, ynskjer sogelaget å bli kontakta for å kunne sjå kva dei kan tilby.

Mange lurar nok på kva som kan vere verd å ta vare på. Det er ikkje godt å gje noko fullnøyande svar på dette, og dette vil nok variere frå person til person. Utgangspunktet for sogelaget er at det bør ha ei viss allmenn interesse. Glødane kjærleiksbrev kjem nok i grenseland, sjølv om slike handskrivne brev knapt blir til lenger. Manuskript, smalfilm, lydopptak, dias og fotografi eldre enn om lag 20 år er



absolutt av interesse. Mindre gjenstandar også. Sogelaget har for tida avgrensa

lagerplass, men det blir arbeidd med å betre tilhøva.

Sogelaget kan kontaktast ved å vende seg til styret Dette er for tida :

Olaus Jonstad,  
Magnar Falkenstein,  
Odd Byrkjeflot,  
Rolf Solheim og  
Per Storegjerde  
(91663601)





## FELLINGSRESULTAT HJORTEJAKTA 2009 NAUSTDAL KOMMUNE

Vald	Tildelt	Kalv Han	Kalv Ho	1 ½ Han	1 ½ Ho	Eldre Han	Eldre Ho	Sum	Fellings %
Horne	6	2	0	1	1	1	1	6	100
Kvellestad	10	1	1	1	0	3	3	9	90
Seljevoll/Apneset	11	2	1	3	1	1	2	10	90,9
Vevring storvald	107	11	10	14	24	23	23	105	98,1
Midtre Naustdal storvald	130	8	12	18	30	23	21	112	86,2
Horstad og Solheim storvald	38	3	3	10	8	5	4	33	86,8
Naustedalen norside storvald	85	5	9	15	16	11	12	68	80
Instedalen storvald	50	2	4	11	6	5	1	29	58
Sørsida storvald	50	6	5	7	6	10	13	47	94
Nedre sørside storvald	93	16	5	14	18	11	14	78	83,9
Sum totalt	580	56	50	94	110	93	94	497	85,7

### Plan for utvikling av småskalaturisme/bygdeutvikling i dalen- Naustdal

Kartlegginga av interessa for reiselivsutvikling i dalen – Naustdal er avslutta. Forprosjektet har hatt god oppslutnad, og vi står no att med 13 aktørar/ grupper som ynskjer å vere med i det vidare arbeidet frå og med 2010. Det er gledeleg at vi har oppretta eit nettverk innan reiselivsutvikling .

Fokuset vårt no er å ferdigstille ein prosjektplan og søknad om midlar til eit påfølgande hovudprosjekt. Vi er også i ferd med å velje namn/logo/ identitet for prosjektet vårt som skal nyttast i marknadsføringa.

I hovudprosjektet ynskjer vi å nytte oss av rådgevingsteneste og tileigne oss kunnskap innan reiseliv. Vi vil danne eit felles grunnlag for å bli gode vertar og tilpasse oss dei ulike utfordringane vi vil kunne møte. På sikt ynskjer vi også å legge til rette for at tilreisande lett skal kunne nytte seg av fleire ulike aktivitetar, ved å presentere pakketilbod som til dømes guida vandring, opplevingar, måltid, skyss og overnatting. Slik vil vi kunne gjere oss attraktive som reisemål. Aktørgruppa er no inne i startfasen, og vi ser for oss at vi

vil trenge fleire år for å nå dit vi ideelt ynskjer å vere som reisemål.

Den største endringa som ein vil kunne legge merke til i 2010, er at dei aktørane som er klare for det, vil marknadsføre seg i langt større grad enn tidlegare. Det er også forventa at enkelte aktørar vil søke om midlar til eigne prosjekt og vidareutvikle desse i denne perioden.

Det er utarbeidd ein rapport frå forprosjektet som vil bli tilgjengeleg på Naustdal kommune si heimeside. Her vil ein kunne finne meir detaljert informasjon om forprosjektet og planane vidare.

Då vil eg takke K-posten for merksemda i forprosjektperioden, og eg håpar at de hermed er kjende med kva planar vi ynskjer å utvikle.

Therese Helland  
Prosjektleder i  
forprosjektet



## NAUSTDAL FRIVILLIGSENTRAL



### Ein-til-ein – tenester.

”Ein-til-ein – tenestene” er formidling av kontakt mellom den som treng hjelp til ulike gjeremål og ein som ynskjer å hjelpe. Ta kontakt med frivilligsentralen dersom det er ting som du vanlegvis greier sjølv, men som du på grunn av sjukdom, alder eller funksjonshemming kan trenge hjelp til. Arbeidet er gratis, mot at du betalar for nødvendige utgifter (t.d. bensinutgifter). Vi ringer tilbake om kven som kjem, slik at du ikkje får ”uventane” besøk.

*Eksempel på tenester som du kan få hjelp til:* Handle varer. Køyring i diverse ærend. Følgeteneste. Småreparasjonar. Sage ved. Turvenn/besøksvenn. Råd/rettleiing. M.m.

### Måndagstreff.

Treff for alle som er ledige på dagtid måndagar. Held til på Kyrkjelydshuset kl.10.30-14.00.

Kafè med kaffi/te, vaflar og smørbrød.

### Foreldre- /barn-treff.

Foreldre-/barn- treffet har ikkje starta opp enno i år fordi det var lite frammøte sist haust. Er nokon interessert i treff, ta kontakt med Frivilligsentralen, så kan vi starte opp på kort varsel.



Dagsenter på Nillestova.

Kvar tysdag og torsdag kl.10.00-14.00 på Nillestova. Er for alle pensjonistar og eldre i kommunen.

### Dagsentertilbodet

*inneheld:*

”Føremiddags-kaffi”, trim, sosialt samvere, høve til å kjøpe middag. *Av og til er det:* Hjelp til handarbeid, bingo, song og musikk eller syning av film / bilete på storskjerm.

Dagsenteret kostar kr.40,- pr. gang, middag kr.75,-, bingo kr.10,-.

### Serviceskyss til Naustdal Sjukeheim / Dagsenteret.

Som nemnt tidlegare, vil det starte opp Service-skyss i Naustdal med ruter frå dalen og fjorden til sentrum. Drosja vil, etter ein kort stopp i sentrum, køyre vidare til Naustdal Sjukeheim. Det vil bli ca. ein times tid på sjukeheimen før drosja returnerer. Det vil då vere høve til å ta del i det som skjer på Dagsenteret for dei som ynskjer det. Innslag som film/musikk/bilder på storskjerm, bingo, song og musikk m.m. tek alle til kl.11.00, så det vil de kunne rekke. Trim v/ fysioterapeut vil det også vere høve til å vere med på. Det er også høve til å kjøpe kaffi/te og vaflar på Dagsenteret.

Dagsenteret blir stengt i veke 13 i samband med påska.

### Seniornett Naustdal.

Dataklubb for seniorar 55+ på Kyrkjelydshuset 2.etg. kvar fredag kl.10.30-12.30.

Det er høve til å komme innom klubben for å sjå om dette er noko for deg før du bestemmer deg for om du vil vere med i klubben.

Kostnad: Kr.150,- pr år for medlemskap i klubben, samt kr.50,- kvar gong til husleige m.m.

Heimeside: [www.seniornett.no](http://www.seniornett.no) (Gå til Lokalklubb - Sogn og Fjordane - Seniornett Naustdal).

### Årsmøte 2010.

Naustdal Frivilligsentral sitt årsmøte blir måndag 22.mars kl.19.00 på Kyrkjelydshuset. Alle interesserte er hjarteleg velkomne. Det blir vanlege årsmøtesaker og enkel servering.

## Sanden-Søndag 2010.

Sanden-Søndag blir i år søndag etter skulestart, 22.august.



Lag og organisasjonar eller enkeltpersonar som kan tenkje seg å bidra med aktivitet eller kulturelt innslag denne dagen kan ta kontakt med frivilligsentralen.

Same helga, laurdag 21.august, arrangerer Tambarskjelvar Idrettslag "Kletten opp" på føremiddag, og lagar til eit sosialt arrangement med mat/drikke og musikk på Sanden om kvelden.

**Har du høve til å vere frivillig medarbeidar?** Ta kontakt!

Du bestemmer sjølv:

- Kva arbeid du vil gjere.
- Når du kan gjere arbeidet.
- Kor mykje tid du vil bruke.

Du inngår ingen langsiktig avtale, synest du det er givande held du fram.

Du skal ikkje ha utgifter med å vere frivillig medarbeidar.

Vi lagar årleg festleg samankomst for dei frivillige medarbeidarane våre, og om våren arrangerar vi hyggeleg dagstur.

**Naustdal Frivilligsentral** held til i 2.etg. på kommunehuset.

Kontortid: Måndag 10.00-13.30, tysdag, onsdag og fredag 9.00-14.00.

Tlf: 57 81 61 44. E-post:

[frivilligsentralen@naustdal.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@naustdal.kommune.no)

Adr.: Naustdal Frivilligsentral, postboks 44, 6806 Naustdal

Heimeside: [www.naustdal.frivilligsentral.no](http://www.naustdal.frivilligsentral.no)

Torill Hukset,  
dagleg leiar

## HUNDESKIT!!!

Ei lita opp fordring til alle hundeeigarar i Naustdal.

Det er i løpet av vinteren blitt veldig mykje hundeskit som ligg langs vegen. I vinter har den ikkje regna vekk, slik den ofte gjer. Dokke som har hund: **VÆR SÅ SNILL Å PLUKK OPP SKITEN NÅR DOKKE GÅR TUR MED HUNDEN!!**

Det blir så mykje trivelegare for alle då.

Helsing turgår.

## I GÅR.

*Lidvald Stubhaug.*

I går var himlen blank og blå  
med kvite, lette skyer.

I dag han trugar mørk og grå  
med vind og regnskursbyer.

I går låg sjøen glitrestill  
med kvite segl og båtar.

I dag han vaknar, yr og vill  
med skumsprøyt, brølelåtar.

I går var eg så lett til sinns,  
så klår i hug og tanke.

I dag fer tankane i krins  
og smett på vide vanke.



Les meir på heimesida <http://www.naustdal.kommune.no>

#### Lyst til å slutte å røykje?



Grip sjansen til å starte prosessen som kan gjere deg røykfri! Kurset vert gjennomført i Førde, og oppstart er torsdag 17 september. Kurset går over seks kveldar frå 18.00-20.00. Pris 1 000,-.

#### Spreiing av husdyrgjødsel på eng mm

Siste frist for spreiring av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding er 20. september.

#### Produksjonstilskot!

Kommunen har mottatt 148 søknader om produksjonstilskot, men det manglar opplysningar om areal på mange skjema som er levert på papir!

#### Ungdomsrådet seier ja!



Ungdomsrådet er samrøystes for reguleringsplanen med konsekvensutredning for utvinning av rutil i Engebøfjellet i Naustdal kommune. Dette blei vedteken i møte 26.august 2009. Ungdomsrådet la vekt på dei samfunnsøkonomiske sidane ved prosjektet, og meinte dei var større enn miljømessige hensyna.

#### Akkordeonkonsert i Holsen og Naustdal kyrkje.

Før de konsertlag og Naustdal sokneråd inviterer til ein spesiell og spanande kyrkjekonsert i helga 12-13 september. Johan Andersson, ein priselna svensk akkordeonspelar er på konsertturne i Norge, og i løpet av denne turneen skal han ha to konsertar i Sunnfjord:

#### Vevringutstillinga - 30 års jubileum!



Kunstbygda Vevring inviterer Verda! Det vert tidenes kunstfestival i Vevring då Vevringutstillinga feirar 30-årsjubileum 18.-20.september 2009: **145 av dei 300 kunstnarane** som har stilt ut har takka ja, og vakre Vevring skal fyllast med kunst, heile bygda - inne og ute, skal takast i bruk til utstilling og oppleving av samtidskunst, kunsthåndverk og musikk. Eit storslått møte mellom landskap, menneske og kultur. Fjor dgrøndene skal flyte av folk denne helga! Vevringutstillinga oppfordrar alle til å feste seg ved denne hausthelga!

#### www.naustdal.kommune.no

Etter lansering av ny internettportal på [www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no), vil internettt vere den best oppdaterte og viktigaste kanalen for informasjonsformidling mellom kommunen og innbyggjarane. Målet er at alle nyhende av ei viss allmenn interesse skal presenterast her. Internettportalen gjev og innsyn i offentlege postlister og politiske saker, og skal gje oppdatert informasjon om kommunale tenester og organisasjon, og linkar vidare til anna offentleg informasjon.

For å gjere sidene så nyttige og oppdaterte som mogleg, er det viktig med respons frå innbyggjarane. Vi håpar mange vil bidra ved å gje oss tilbakemeldingar om erfaringar med heimesida. Saknar de informasjon som de meiner burde ligge her? Finn de feilaktig informasjon? Er det vanskeleg å finne fram til aktuell informasjon? Har de tips til nyhende, arrangement eller anna informasjon som kan vere av interesse for andre?

#### Vi ber om tilbakemeldingar!

Bruk kontaktskjemaet under hovedmenypunktet "kontakt oss", eller send e-post til ein av oss i web-prosjektgruppa.

[robert.rysjedal@naustdal.kommune.no](mailto:robert.rysjedal@naustdal.kommune.no)  
[britt.kringlen@naustdal.kommune.no](mailto:britt.kringlen@naustdal.kommune.no)  
[oddlaug.indrekvam@naustdal.kommune.no](mailto:oddlaug.indrekvam@naustdal.kommune.no)  
[kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no](mailto:kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no)